



## MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Plan- og miljøutvalet  
**Møtestad:** Rådhuset, Kantina  
**Dato:** 28.11.2007  
**Tidspunkt:** 12:30 – 17:30  
**Frå sak nr:** 167/07 – 184/07

---

### Følgjande medlemmer møtte:

Namn	Reprenterer
Øystein Reidar Moldeklev	FRP
Linda Opdal	FRP
Kjetil Melvær	FRP
Berit Dale Øgaard	KRF
Ståle Juvik Hauge	AP
Astrid Namtvedt Sylta	AP

### Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Reprenterer
Unni Andersen Sæbø	H
Tore Svendsen	SV
Gunnar Reidar Stusdal	SP

### Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Repr.	Møtte for
Arnt Charlie Johansen	FRP	Unni Andersen Sæbø
Jarle Vassdal	SP	Gunnar Reidar Stusdal
Sveinung Valle	AP	Tore Svendsen
Håvard Dale	FRP	For Ø. Moldeklev i sakene 171/07 og 172/07

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Kåre Jordal	ass. rådmann
Frøydis Ones	planleggjar
Julie Daling	planleggjar
Aslaug Aalen	planleggjar
Inger- Marie Nordland	administrasjonssekretær

**Diverse merknader:**

- Astrid Rongen orienterte om bygnings- og utemiljø.
- Sakene 171/07, 172/07 og 183/07 vart handsama etter sak 169/07. Sakene 177/07 og 178/07 vart handsama etter sak 174/07.
- Øystein Moldeklev var ugild i sakene 171/07 og 172/07. (Håvard Dale er vara desse to sakene). Linda Opdal vert valt til setteleiar i desse sakene.
- Sveinung Valle gjekk før avstemming av sak 179/07.
- Delt ut skriv frå Reidunn Rønhovde og Eva Marie Torgilstveit dat. 27.11.07.

**Protokolltilførsel:** Plan og miljøutvalet viser til skriv frå Bjarne Foss datert 23.11.07 og ber administrasjonen gje ei orientering i neste møte.

---

Øystein Reidar Moldeklev  
leiar

---

Linda Opdal  
setteleiar

---

Ståle Juvik Hauge

---

Berit Dale Øgaard

<b>Saksnr</b>	<b>Innhald</b>
PS 167/07	Godkjenning av møteprotokoll frå 31.10.2007
PS 168/07	Underskrift av dagens møteprotokoll
PS 169/07	Delegerte saker
PS 170/07	Framlegg til reguleringsplan for Kupeleitet gnr. 137 bnr. 54, 103 og 696 - 2. gongs behandling
PS 171/07	Saksframlegg for reguleringsplan for Haghaugen, gnr. 134 bnr. 1 og 3 mfl. 1. gongs handsaming
PS 172/07	Reguleringsplan for Vindkallen gnr. 134 bnr. 6 og 7 mfl.
PS 173/07	Dispensasjonsvurdering - flytting av tomt til naustføremål - til LNF område. Gnr/bnr 131/6 – Remme

- PS 174/07    Dispensasjonsvurdering - deling av areal til bustadføremål - gnr/bnr 169/1 – Eikeland
- PS 175/07    Klage på vedtak i kommunestyret, sak 43/07.  
Eigengodkjent reguleringsplan for hytte på del av gnr 070 bnr 28 Feste nordre
- PS 176/07    Søknad om dispensasjon  
Deling av gnr 60 bnr 1 på Langenes
- PS 177/07    Søknad om deling gnr 117 bnr 16 Rosnes
- PS 178/07    Reguleringsplan Tveiten, gnr/bnr 138/11 m.fl. - ny behandling etter kommunestyrevedtak i sak 82/07 (møte den 27.09.07)
- PS 179/07    Knarvik Aust - kryssing av hovudveg ved Knarvik idrettsanlegg.
- PS 180/07    Utvikling av Knarvik senterområde - vidare arbeid
- PS 181/07    Bustadbyggeprogram 2008 - 2010
- PS 182/07    Retningsliner for utbyggingsavtalar oppnemning av arbeidsgruppe
- PS 183/07    Framlegg til endring av reguleringsplan for Ikenberget bustad- og næringsområde. Betra og tryggja trafikkavviklinga i og frå/til planområdet. 2.gongs handsaming
- PS 184/07    Delingssøknad barnehage på Tveiten gnr./bnr. 139/5 -

### **PS 167/07 Godkjenning av møteprotokoll frå 31.10.2007**

#### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Møteprotokollen frå møte 31.10.07 vert samrøystes godkjent.

#### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Møteprotokollen frå møte 31.10.07 vert samrøystes godkjent.

### **PS 168/07 Underskrift av dagens møteprotokoll**

#### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Desse vert valt i tillegg til leiar: Ståle Juvik Hauge og Berit Dale Øgaard

#### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Desse vert valt i tillegg til leiar: Ståle Juvik Hauge og Berit Dale Øgaard

### **PS 169/07 Delegererte saker**

#### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Meldingane vert tekne til orientering.  
Samrøystes.

#### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Meldingane vert tekne til orientering.

### **PS 170/07 Framlegg til reguleringsplan for Kupeleitet gnr. 137 bnr. 54, 103 og 696 - 2. gongs behandling**

#### **Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

I samsvar med plan- og bygningslova § 27-2, pkt 1, vert framlegg til reguleringsplan for Kupeleitet bustadområde gnr. 137, bnr. 54, 103 og 696 med føresegner sist datert 10.08.07 godkjent.

Planen vert å leggja fram for kommunestyret til eigengodkjenning så snar den ligg føre i SOSI-format godkjent av kommunen.

Planområdet skal tilknyttast offentleg vatn- og kloakk. Teknisk plan som syner dette skal godkjennast av kommunen før utbygging.

Utbyggingsavtale mellom utbyggjar og kommunen skal vera godkjent av kommunestyret før utbygging av området kan setjast i gang. I utbyggingsavtalen skal det m.a. vera rekkjefølgjekrav om at vegen fram til området skal vera bygd før bustaden i reguleringsplanen kan gjevast mellombels bruksløyve/ferdigattest på. Vidare må det gå fram at utbygginga må gjennomførast i tråd med bustadbyggingsprogrammet i kommunedelplan for bustadbygging.

#### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Utvalet var på synfaring før møtet tok til.

#### **Framlegg frå S.J. Hauge, Ap:**

Plan- og miljøutvalet avviser framlegget til reguleringsplan for Kupeleitet bustadområdet, gnr. 137, bnr. 54, 103 og 696.

Evt. ny plan må ha ei vegløyving som går mot eksisterande RV 565.

Framlegget vert samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Plan- og miljøutvalet avviser framlegget til reguleringsplan for Kupeleitet bustadområdet, gnr. 137, bnr. 54, 103 og 696.

Evt. ny plan må ha ei vegløyving som går mot eksisterande RV 565.

### **PS 171/07 Saksframlegg for reguleringsplan for Haghaugen, gnr. 134 bnr. 1 og 3 mfl.**

#### **1.gongs handsaming**

#### **Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

I samsvar med krava i plan- og bygningslovens § 27-1 nr 2 vert framlegg til reguleringsplan med føresegner for del av gnr 134, bnr 1, bnr 3 og bnr 466 for Hilland Nord, datert 29.08.07 og 20.08.07 lagt ut til offentlig ettersyn.

Planen kan leggjast ut til offentlig ettersyn på følgjande vilkår:

- Kommunaltekniske løysingar må omhandlast i føresegnene.

- Krav om utbyggingsavtale vert konkretisert i føresegnene
- Vilkår for utbyggingstakt må framgå av føresegnene og vise til bustadbyggeprogrammet.
- Krav til utbyggingsplan for kvar utbyggingsetappe.
- Gesimshøgde må nemnast i plan.
- Reguleringsplanføresegner i nynorsk språkdrakt.
- Tydelegare status på tilkomstveg må leggest inn i plan.
- Gangveg mellom friluftsområde og B3 må leggest inn i reguleringsplankartet for å sikre gjennomgangsrute mot Hillandsvatnet.

### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Utvalet var på synfaring før møtet tok til.

#### **Tilleggspkt. til rådmannen sitt framlegg frå Frp/Ap/Krf/Sp:**

- Det må utarbeidast reguleringsplan for området mellom Haghaugen og Vindkallen (evt. at dei to planområda vert utvida)
- Ny hovudvegløysing til Haghaugen må gå gjennom Vindkallen, og må innarbeidast i planen.
- Plan- og miljøutvalet ber om at det vert utarbeidd fotomontasje og terrengsnitt på alle bygg over 3 etasjar.

Framlegget er samrøystes.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

I samsvar med krava i plan- og bygningslovens § 27-1 nr 2 vert framlegg til reguleringsplan med føresegner for del av gnr 134, bnr 1, bnr 3 og bnr 466 for Hilland Nord, datert 29.08.07 og 20.08.07 lagt ut til offentlig ettersyn.

Planen kan leggjast ut til offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

- Kommunaltekniske løysingar må omhandlast i føresegnene.
- Krav om utbyggingsavtale vert konkretisert i føresegnene
- Vilkår for utbyggingstakt må framgå av føresegnene og vise til bustadbyggeprogrammet.
- Krav til utbyggingsplan for kvar utbyggingsetappe.
- Gesimshøgde må nemnast i plan.
- Reguleringsplanføresegner i nynorsk språkdrakt.
- Tydelegare status på tilkomstveg må leggest inn i plan.
- Gangveg mellom friluftsområde og B3 må leggest inn i reguleringsplankartet for å sikre gjennomgangsrute mot Hillandsvatnet.
- Det må utarbeidast reguleringsplan for området mellom Haghaugen og Vindkallen (evt. at dei to planområda vert utvida)
- Ny hovudvegløysing til Haghaugen må gå gjennom Vindkallen, og må innarbeidast i planen.
- Plan- og miljøutvalet ber om at det vert utarbeidd fotomontasje og terrengsnitt på alle bygg over 3 etasjar.

### **PS 172/07 Reguleringsplan for Vindkallen gnr.134 bnr.6 og 7 mfl.**

**Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

Administrasjonen vil ikkje tilrå at planen vert lagt ut til offentleg ettersyn i vedlagt utgåve. Plan- og miljøutvalet vil få saka til ny handsaming når administrasjonen meiner at plan med føresegner er tilfredsstillande.

Mellom anna må desse punkta vere på plass/ vere endra:

- Bustadformåls grensene for B8,B9 og B10 må samsvare med dei grenser som ligg i kommunedelplanen.
- Betre synleggjering av at % BYA er innanfor rammene som er sett i kommunedelplanen og ei utgreiing av konsekvensane av % BYA.
- Endring av storleiken på barnehagetomta og nemning av MUA.
- Krav om utbyggingsavtale og rekkjefølge vert konkretisert i føresegnene
- Vilkår for utbyggingstakt må framgå av føresegnene og vise til bustadbyggeprogrammet.
- Det må leggast fram ein plan for korleis kommunalteknikk er tenkt gjennomført som midlertidige og permanente løysingar.
- Stigningsforhold for prosjekterte vegar må utgreiast som del av illustrasjonsplanen.
- Veg 4 vert endra til gangveg.
- Føresegnene til reguleringsplanen må utarbeidast i samsvar med kommunal forskrift til plan- og bygningsloven § 69 nr.3 (av 30.07.1998).
- Krav til universell utforming må utdjupast i føresegnene.
- Merknader til grøntstruktur vert imøtekome (sjå saksutgreiing).
- Gjennom føresegnene må det setjast krav til utbyggjar kva gjeld tekniske/biologiske løysingar for å hindre ytterlegare forureining av Hillandsvatnet.

### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Utvalet var på synfaring før møtet tok til.

#### **Tilleggspkt. til rådmannen sitt framlegg frå Frp/Ap/Krf/Sp:**

-Det må utarbeidast reguleringsplan for området mellom Haghaugen og Vindkallen (evt. at dei to planområda vert utvida)

-Ny hovudvegsløysing til Haghaugen må gå gjennom Vindkallen, og må innarbeidast i planen.

-Plan- og miljøutvalet ber om at det vert utarbeidd fotomontasje og terrengsnitt på alle bygg over 3 etasjar.

Framlegget er samrøystes.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Administrasjonen vil ikkje tilrå at planen vert lagt ut til offentleg ettersyn i vedlagt utgåve.

Plan- og miljøutvalet vil få saka til ny handsaming når administrasjonen meiner at plan med føresegner er tilfredsstillande.

Mellom anna må desse punkta vere på plass/ vere endra:

- Bustadformåls grensene for B8,B9 og B10 må samsvare med dei grenser som ligg i kommunedelplanen.
- Betre synleggjering av at % BYA er innanfor rammene som er sett i kommunedelplanen og ei utgreiing av konsekvensane av % BYA.
- Endring av storleiken på barnehagetomta og nemning av MUA.
- Krav om utbyggingsavtale og rekkjefølge vert konkretisert i føresegnene

- Vilkår for utbyggingstakt må framgå av føresegnene og vise til bustadbyggeprogrammet.
- Det må leggest fram ein plan for korleis kommunalteknikk er tenkt gjennomført som midlertidige og permanente løysingar.
- Stigningsforhold for prosjekterte vegar må utgreiast som del av illustrasjonsplanen.
- Veg 4 vert endra til gangveg.
- Føresegnene til reguleringsplanen må utarbeidast i samsvar med kommunal forskrift til plan- og bygningsloven § 69 nr.3 (av 30.07.1998).
- Krav til universell utforming må utdypast i føresegnene.
- Merknader til grøntstruktur vert imøtekome (sjå saksutgreiing).
- Gjennom føresegnene må det setjast krav til utbyggjar kva gjeld tekniske/biologiske løysingar for å hindre ytterlegare forureining av Hillandsvatnet.
- Det må utarbeidast reguleringsplan for området mellom Haghaugen og Vindkallen (evt. at dei to planområda vert utvida)
- Ny hovudvegløysing til Haghaugen må gå gjennom Vindkallen, og må innarbeidast i planen.
- Plan- og miljøutvalet ber om at det vert utarbeidd fotomontasje og terrengsnitt på alle bygg over 3 etasjar.

## **PS 173/07 Dispensasjonsvurdering - flytting av tomt til naustføremål - til LNF område. Gnr/bnr 131/6 - Remme**

### **Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

Plan- og miljøutvalet avslår søknaden om flytting og deling av areal til naustføremål. Det ligg ikkje føre særlege grunnar i samsvar med plan- og bygningslova § 7, som gjev grunnlag for å dispensera frå kommunedelplan for Alverstraumen.

Saka vert sendt regionale mynde for klagevurdering.

### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Utvalet var på synfaring før møtet tok til.

#### **Framlegg frå Ø. Moldeklev (Frp):**

Plan og miljøutvalet godtek søknaden om flytting og deling av areal til naustføremål. Det ligg føre særlege grunnar i samsvar med plan- og bygningslova §7, som gjev grunnlag for å disponera frå kommunedelplan for Alverstraumen.

Saka vert sendt regionale mynde for klagevurdering.

Framlegget fekk 4 røyster (Frp-gruppa) og fall.

Rådmannen sitt framlegg vert vedteke.

### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Plan- og miljøutvalet avslår søknaden om flytting og deling av areal til naustføremål. Det ligg ikkje føre særlege grunnar i samsvar med plan- og bygningslova § 7, som gjev grunnlag for å dispensera frå kommunedelplan for Alverstraumen.

Saka vert sendt regionale mynde for klagevurdering.

## **PS 174/07 Dispensasjonsvurdering - deling av areal til bustadføremål - gnr/bnr 169/1 - Eikeland**

### **Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

Plan- og miljøutvalet dispenserer frå plan- og bygningslova § 7 og gjev i samsvar med pbl § 93 løyve til å dela frå tomt 3 som skissert i vedlegg til saka, under følgjande vilkår:

- Hustypen skal tilpassast terrenget og nabohus.
- Før byggjeløyve kan gjevast skal det frå Statens vegvesen liggje føre løyve til utvida bruk av avkjørsle/krysset frå riksveg 17.
- Dersom det kjem fram eventuelle funn eller konstruksjonar ved gjennomføring av tiltaket som kan vera automatisk freda, må arbeidet stansast og kulturminnevernet få melding om dette, for ei nærare gransking av staden, jf. Kulturminnelova § 8, 2.ledd.
- Løyve til avløp vert gjeve i samband med byggjesaka.
- Kommunen fastset grensene for tomten.

### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Utvalet var på synfaring før møtet tok til.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Plan- og miljøutvalet dispenserer frå plan- og bygningslova § 7 og gjev i samsvar med pbl § 93 løyve til å dela frå tomt 3 som skissert i vedlegg til saka, under følgjande vilkår:

- Hustypen skal tilpassast terrenget og nabohus.
- Før byggjeløyve kan gjevast skal det frå Statens vegvesen liggje føre løyve til utvida bruk av avkjørsle/krysset frå riksveg 17.
- Dersom det kjem fram eventuelle funn eller konstruksjonar ved gjennomføring av tiltaket som kan vera automatisk freda, må arbeidet stansast og kulturminnevernet få melding om dette, for ei nærare gransking av staden, jf. Kulturminnelova § 8, 2.ledd.
- Løyve til avløp vert gjeve i samband med byggjesaka.
- Kommunen fastset grensene for tomten.

## **PS 175/07 Klage på vedtak i kommunestyret, sak 43/07.**

### **Eigengodkjent reguleringsplan for hytte på del av gnr 070 bnr 28 Feste nordre**

#### **Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

Plan- og miljøutvalet (det faste utvalet for plansaker) viser til kommentarane frå rådmannen og kan ikkje ut frå den innkomne klagen finna nye moment som skulle tilseie ei endring av tidlegare avgjerd.

Plan- og miljøutvalet vil difor halda fast på vedtaket i sak 43/07 frå møte 10.05.2007 i kommunestyret.

I samsvar med plan- og bygningslova § 15 vert saka sendt fylkesmannen til avgjerd.

### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**



Plan- og miljøutvalet (det faste utvalet for plansaker) viser til kommentarane frå rådmannen og kan ikkje ut frå den innkomne klagen finna nye moment som skulle tilseie ei endring av tidlegare avgjerd.

Plan- og miljøutvalet vil difor halda fast på vedtaket i sak 43/07 frå møte 10.05.2007 i kommunestyret.

I samsvar med plan- og bygningslova § 15 vert saka sendt fylkesmannen til avgjerd.

## **PS 176/07 Søknad om dispensasjon**

### **Deling av gnr 60 bnr 1 på Langenes**

#### **Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

Det ligg føre særleg grunn til å gje dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og byggje- og deleforbodet i 100-metersbeltet. Den særlege grunnen er at tomten er opparbeida og nytta til føremålet sidan 1957. Lindås kommune gir dispensasjon på følgjande vilkår:

- Tomten skal vere maksimum 24 m<sup>2</sup>.
- Lindås kommune skal avgjere grensene for tomten.
- Det må dokumenterast parkeringsareal for ein bil til nausttomten, denne er føresett lagt på fritidseigedomen gnr 60 bnr 12.

#### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Det ligg føre særleg grunn til å gje dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og byggje- og deleforbodet i 100-metersbeltet. Den særlege grunnen er at tomten er opparbeida og nytta til føremålet sidan 1957. Lindås kommune gir dispensasjon på følgjande vilkår:

- Tomten skal vere maksimum 24 m<sup>2</sup>.
- Lindås kommune skal avgjere grensene for tomten.
- Det må dokumenterast parkeringsareal for ein bil til nausttomten, denne er føresett lagt på fritidseigedomen gnr 60 bnr 12.

## **PS 177/07 Søknad om deling gnr 117 bnr 16 Rosnes**

#### **Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

Plan- og miljøutvalet er i utgangspunktet positive til å gje dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for å dele frå naust frå gnr 117 bnr16.

Før endeleg vedtak vert saka sendt på høyring til regionale høyringspartar.

#### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Plan- og miljøutvalet er i utgangspunktet positive til å gje dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for å dele frå naust frå gnr 117 bnr16.

Før endeleg vedtak vert saka sendt på høyring til regionale høyringspartar.

## **PS 178/07 Reguleringsplan Tveiten, gnr/bnr 138/11 m.fl. - ny behandling etter kommunestyrevedtak i sak 82/07 (møte den 27.09.07)**

### **Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

Plan- og miljøutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner framlegg til reguleringsplan for Tveiten, gnr 138, bnr 11 m.fl. med føresegner (merka ”revidert etter handsaming i kommunestyret 27. september”). Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 27- 2 punkt 1.

Reguleringsplanen vert godkjent med vilkår om at utbyggingsavtale skal liggje føre før utbygger kan starta tiltak på eigedomen. Merknadene som er kome fram frå brannsjef, ambulansetenesta og rådet for funksjonshemma skal leggjast til grunn for detaljprosjekteringa.

### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

#### **Framlegg frå S.J. Hauge (Ap):**

Plan- og miljøutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner framlegg til reguleringsplan for Tveiten, gnr 138, bnr 11 m.fl. med føresegner. På vilkår om at teksten i §3.1.1 i føresegnene endrast til bustadane og andre bygg i planområdet vert tilpassa tradisjonell byggestil i nærliggjande bustad- og naustmiljø. (merka ”revidert etter handsaming i kommunestyret 27. september”). Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 27- 2 punkt 1.

Reguleringsplanen vert godkjent med vilkår om at utbyggingsavtale skal liggje føre før utbygger kan starta tiltak på eigedomen. Merknadene som er kome fram frå brannsjef, ambulansetenesta og rådet for funksjonshemma skal leggjast til grunn for detaljprosjekteringa.

Framlegget vert vedteke mot 1 røyst (S. Valle, Ap)

#### **Innstilling i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Plan- og miljøutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner framlegg til reguleringsplan for Tveiten, gnr 138, bnr 11 m.fl. med føresegner. På vilkår om at teksten i §3.1.1 i føresegnene endrast til bustadane og andre bygg i planområdet vert tilpassa tradisjonell byggestil i nærliggjande bustad- og naustmiljø. (merka ”revidert etter handsaming i kommunestyret 27. september”). Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 27- 2 punkt 1.

Reguleringsplanen vert godkjent med vilkår om at utbyggingsavtale skal liggje føre før utbygger kan starta tiltak på eigedomen. Merknadene som er kome fram frå brannsjef, ambulansetenesta og rådet for funksjonshemma skal leggjast til grunn for detaljprosjekteringa.

## **PS 179/07 Knarvik Aust - kryssing av hovudveg ved Knarvik idrettsanlegg.**

### **Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

1. Det vert etablert midlertidig turløype langs nordsida av hovudvegen, frå samanbinding med ”Vassverksvegen” og til samanbinding med eksisterande turveg ved utløpet frå Lonena. Eventuell permanent plassering vert å avklara i framtidig utarbeiding av reguleringsplan for Lonena-området.
2. Kryssing i plan nord for idrettsbygget vert trafikksikra ved justert plassering, ledegjerder, sakseportar og naudsynt skilting. Det same gjeld for kryssing ved utløpet frå Lonena.
3. Plassering av framtidige kryssingar skal vurderast når reguleringa av området eigd av Walde Byggevare AS vert utført og framtidige hovudgangliner vert fastlagt.

### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

#### **Fellesframlegg frå utvalet v/ S.J. Hauge, Ap:**

Tilleggspunkt til rådmannen sitt framlegg:

- Fartsgrensa vert sett til 40 km i timen.
- Gjerdehøgde ved kunstgrasbanene vert auka til 8 m.
- Fartsnivå skal vurderast med tanke på etablering av fartsdempande tiltak.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

1. Det vert etablert midlertidig turløype langs nordsida av hovudvegen, frå samanbinding med "Vassverksvegen" og til samanbinding med eksisterande turveg ved utløpet frå Lonena. Eventuell permanent plassering vert å avklara i framtidig utarbeiding av reguleringsplan for Lonena-området.
2. Kryssing i plan nord for idrettsbygget vert trafikksikra ved justert plassering, ledegjerder, sakseportar og naudsynt skilting. Det same gjeld for kryssing ved utløpet frå Lonena.
3. Plassering av framtidige kryssingar skal vurderast når reguleringa av området eigd av Walde Byggevare AS vert utført og framtidige hovudgangliner vert fastlagt.
4. Fartsgrensa vert sett til 40 km i timen.
5. Gjerdehøgde ved kunstgrasbanene vert auka til 8 m.
6. Fartsnivå skal vurderast med tanke på etablering av fartsdempande tiltak.

## **PS 180/07 Utvikling av Knarvik senterområde - vidare arbeid**

### **Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

Plan- og miljøutvalet ynskjer å gå vidare i arbeidet med Knarvik sentrum, og støttar den organisatoriske modellen som skissert i PM sak 70/07 med endringar i prosjektgruppa som skissert, og ber administrasjonen gå vidare i arbeidet med:

- 1) Planprogram for Knarvik senterområde – med mål om oppstartvedtak for reguleringsplan i januar 2008.
- 2) Å gje eit innhald i tinginga av analysen for areala som grensar inn til sentrumskjernen.
- 3) Dialog med grunneigarane i sentrumsområda.
- 4) Å gje eit innhald i tinginga til privat-offentleg avtale for "infrastrukturfond"
- 5) Arbeide fram ei finansiering på arbeidet med den vidare utviklinga av Knarvik på dette stadiet.

### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg.

### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Plan- og miljøutvalet ynskjer å gå vidare i arbeidet med Knarvik sentrum, og støttar den organisatoriske modellen som skissert i PM sak 70/07 med endringar i prosjektgruppa som skissert, og ber administrasjonen gå vidare i arbeidet med:

- 1) Planprogram for Knarvik senterområde – med mål om oppstartvedtak for reguleringsplan i januar 2008.
- 2) Å gje eit innhald i tinginga av analysen for areala som grensar inn til sentrumskjernen.
- 3) Dialog med grunneigarane i sentrumsområda.
- 4) Å gje eit innhald i tinginga til privat-offentleg avtale for "infrastrukturfond"
- 5) Arbeide fram ei finansiering på arbeidet med den vidare utviklinga av Knarvik på dette stadiet.

## **PS 181/07 Bustadbyggeprogram 2008 - 2010**

### **Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

Plan- og miljøutvalet ber om at bustadbyggeprogrammet for Lindås vert revidert med mål om endeleg vedtak innan 1. april 2008. Følgjande politikarar vert representert i arbeidet:

- 1) Frå plan- og miljøutvalet:
- 2) Frå levekårutvalet:
- 3) Frå formannskapet:

### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

Frå plan- og miljøutvalet vert Øystein Moldeklev samrøystes valt.

### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Plan- og miljøutvalet ber om at bustadbyggeprogrammet for Lindås vert revidert med mål om endeleg vedtak innan 1. april 2008. Følgjande politikarar vert representert i arbeidet:

- 1) Frå plan- og miljøutvalet: Øystein Moldeklev.
- 2) Frå levekårutvalet:
- 3) Frå formannskapet:

## **PS 182/07 Retningsliner for utbyggingsavtalar oppnemning av arbeidsgruppe**

### **Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

Plan- og miljøutvalet utnemner følgjande to personer til å vera med i arbeidsgruppa som skal utarbeida framlegg til retningsliner for utbyggingsavtalar i Lindås kommune:

- 1)
- 2)

### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke med samrøystes val av:

- 1) Unni Andersen Sæbø. Varamedlem Kjetil Melvær
- 2) Ståle Juvik Hauge. Varamedlem Astrid Namtvedt Sylta.

### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Plan- og miljøutvalet utnemner følgjande to personer til å vera med i arbeidsgruppa som skal utarbeida framlegg til retningsliner for utbyggingsavtalar i Lindås kommune:

- 1) Unni Andersen Sæbø. Varamedlem Kjetil Melvær
- 2) Ståle Juvik Hauge. Varamedlem Astrid Namtvedt Sylta.

## **PS 183/07 Framlegg til endring av reguleringsplan for Ikenberget bustad- og næringsområde. Betra og tryggja trafikkavviklinga i og frå/til planområdet.**

### **2.gongs handsaming**

#### **Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

I samsvar med plan- og bygningslova § 27-2, pkt. 1, vert framlegg til endring av reguleringsplan for øvre del av Ikenberget bustad- og næringsområdet opp mot Rv 565 sist datert 10.09.07 godkjent med følgjande vilkår:

Privat felles veg for småbiltrafikk over næringsområdet N2 går ut. I staden vert regulert veg C med fysisk innsnevring åpen for småbiltrafikk, saman med skilt for dette. Større kjøretøy må

følgja den nye regulerte veg H sørover forbi Stevnebø Trelast AS, barnehagen, og dei 3 einbustadane til nytt kryss ved Rv 565.

Før godkjenning av planframlegget i kommunestyret, må reguleringsplanen vera retta opp og liggja føre i standard SOSI-format.

Utbygging av vegnettet skal skje så snart areal til vegnettet er erverva og finansiering av vegutbygginga er på plass i den nye reguleringsplanen.

#### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

##### **Framlegg frå Ø. Moldeklev (Frp):**

Saka vert utsett. Plan og miljøutvalet ynskjer synfaring i saka.

Samrøystes for framlegget.

##### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Saka vert utsett. Plan og miljøutvalet ynskjer synfaring i saka.

### **PS 184/07 Delingssøknad barnehage på Tveiten gnr./bnr. 139/5 -**

#### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Viser til notat frå administrasjonen til PM-utvalet datert 23.11.07.

Delt ut 2 skriv underskrive av Reidunn Rønhovde og Eva Marie Torgilstveit dat. 27.11.07.

##### **Framlegg frå Ø. Moldeklev (Frp):**

Plan- og miljøutvalet gjer søkjar av ca. 8000 m<sup>2</sup> stor parsell på Alversund prestegard, gnr. 139, bnr. 5 dispensasjon frå kommunedelplan.

Dispensasjonen er hjemla i § 7 i plan- og bygningslova. Særlege grunnar for dispensasjon er at parsellen skal nyttast til allmennyttige føremål, barnehage.

Framlegget fekk 4 røyster og fall.

##### **Framlegg frå S.J. Hauge, Ap:**

Plan- og miljøutvalet avviser saka.

Saka vert å fremja frå administrasjonen som sak ved seinare møte i plan- og miljøutvalet.

Framlegget fekk 5 røyster og vert vedteke.

##### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 28.11.2007**

Plan- og miljøutvalet avviser saka.

Saka vert å fremja frå administrasjonen som sak ved seinare møte i plan- og miljøutvalet.